



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Kommunar og fylkeskommunar

Dykkar ref

Vår ref
18/5546-39

Dato
14. juni 2019

Endringar i vilkår for og behandling av søknader om tilskot til idrettsanlegg i kommunane

Kulturdepartementet viser til varsla endringar i tilskotsordninga til idrettsanlegg jf. brev av 8. april 2019, der fylkeskommunane og kommunane blei inviterte til høvesvis innspelsmøte og å kome med skriftlege innspel til endringane.

Departementet takkar for dei innkomne innspela og fylkeskommunane si deltaking på innspelsmøtet, og har vurdert dei innkomne synspunkta, spørsmål mv. opp mot dei varsla endringane.

Som resultat av arbeid knytte til endringar og utarbeiding av nye føresegner mv. vil ny søknadsrunde opne fyrst den **1. september i år**. Dette blei varsla også i ovannemnde brev.

Hovudtrekka ved endringane er at departementet som hovudregel ikkje skal saksbehandle diverse forhold gjeldande enkeltsøknader i ordninga. Tilskotsordninga er stor og omfangsrik, og det er føremålstenleg å leggje til rette for at fylkeskommunane får ei tydelegare rolle som saksbehandlande organ for tilskot. Dessutan er det upraktisk at søkjarar for mange saker i dag må ha kontakt med alle tre forvaltningsnivå for ein enkelt tilskotssøknad.

Samtidig vil det framleis vere departementet som fastset føresegner for ordninga, medrekna anleggstypar og tilhøyrande vilkår, storleik på satsar for tilskot, samt kva organisasjonar og underledd som er kvalifiserte for tilskot gjennom ordninga.

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 866

Avdeling
Avdeling for
sivilsamfunn og idrett

Saksbehandlar
Daniel Storholthe
Kristiansen
22 24 78 37

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning blir avvikla

Dette vil få verknad allereie frå 15. juni 2019, som inneber at anlegg som har byggjestart f.o.m. 15. juni 2019 ikkje treng idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for å søkje tilskot. Dette blir ikkje gitt tilbakeverkande kraft, det vil seie at anlegg der byggjestart er starta tidlegare enn 15. juni 2019, må ha fått idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for å kunne kvalifisere for tilskot.

Førehandsgodkjenninga er i dag Kulturdepartementets ansvar, som kommunane for dei aller fleste anlegg er gjeve fullmakt til å gjennomføre på vegner av departementet. Departementet avviklar si behandling av forhold som gjeld enkeltsøknader i ordninga og som resultat av dette vil også ordninga med idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning falle bort. Dette gjeld også symjeanlegg og isanlegg, som til no berre har vore behandla i departementet.

Dette inneber ikkje at omsynet til utforming og god funksjonalitet i idrettsanlegg blir redusert eller tatt vekk. Det er framleis eit vilkår for tilskot og godkjenning av søknader at anlegga blir utforma slik at dei er funksjonelle for dei idrettane eller den aktiviteten som dei er meinte for.

Vilkår for tilskot i form av krav til storleikar, mål og utforming av anlegg går fram av føresegnene, særleg gjennom vilkår for dei ulike satsane for tilskot. Søkjar må gjere greie for, og sørge for at det går klart fram i søknaden sin, at anleggsplanane er i tråd med desse vilkåra, slik som for eksempel storleik på bana, sikkerhetssoner og takhøgder, der det er relevant.

Kommunane tek i dag mot søknader for kontroll og vidareending til fylkeskommunen. Det vil vere, som i dag, fylkeskommunen som sluttbehandlar søknader og ser til at anleggsplanane er i tråd med føresegnene for å kunne berekne riktig tilskot. Tilskotssatsar er, og vil tydeleg vere knytte til dei minimumskrava som blir stilte til aktivitetsflata si utforming, som er det grunnleggjande for å taka vare på idrettsfunksjonalitet.

Departementet understreker at det er søkjar sjølv, som i dag, som har ansvar for å sikre at planane er tilfredsstillande for den aktiviteten som er planlagt i anlegget. Dersom anlegg blir bygt med vesentlege manglar knytt til idrettsfunksjonalitet, vil dette føre til avslag på søknad og/eller inndraging av innvilga midlar. Søkjar kan ikkje lenger basere seg på at kommunane eller departementet førehandsgodkjenner planar. Fylkeskommunen vil gjennom sluttbehandlinga si avgjere om søknaden oppfyller vilkåra eller ei.

Departementet tilbyr i dag rettleiarar for bygging av ei rekkje type anlegg som eit bidrag til gode løysingar for dei ulike idrettane og aktivitetane. Det finst òg ein aukande kompetansebase på www.godeidrettsanlegg.no. Dessutan vil det, for anlegg for organisert idrett, kunne vere anleggsressursar å spele på i dei einskilde særforbunda og andre organisasjonsledd i idretten.

Vilkår om kommunal garanti blir avvikla

Vilkåret utløyer i dag til dels omfattande økonomiske forpliktingar for kommunane ovanfor tredjepart. Vilkåret er i dag gjeldande for eit lite utval anlegg når tilskotet er over eit visst beløp. Departementet erfarer at garantiane sjeldan eller aldri kjem til bruk og finn derfor at det er tilstrekkeleg at søkjar sjølv står ansvarleg for tilbakebetalingskrav som i dag, men utan at kommunen skal stille sjølvskyldnargaranti.

Andre endringar

Av andre endringar som gjeld saksbehandling, søknadsutforming og dokumentasjon nemnast følgjande:

- Førehandsgodkjenning av vedtekter blir avvikla. Kontroll av at søkjar er kvalifisert for tilskot i ordninga skjer i den ordinære søknadsbehandlinga.
- Særskilde vurderingar av tilskot vil som hovudregel bli avvikla. Det fastsetjast konkrete satsar og eventuelle modellar for berekning av tilskot for forskjellige storleikar og omfang av anlegg. Avvik mellom anleggsplanar og dei oppførde storleikane inneber ikkje særskild vurdering, men vil som hovudregel føre til at tilskot skal bereknas tilsvarande den storleik som anlegget minimum oppfyller.
 - Nokre få anleggstypar er likevel av ein slik art at det er vanskeleg å standardisere ein søknadssum, samt at det blir bygd få av typen. I slike tilfelle vil departementet fastsetje ein prosedyre for å handtere dette, som kan innebere ei vurdering av departementet.
- Det blir gjort nokre justeringar i dokumentasjonskrav for bruksrett til grunn jf. brev frå departementet av 8. april.
- Fylkeskommunane får rom til å sjølv følgje opp og tilpasse saksbehandlinga av enkelte forhold i ordninga, for eksempel knytte til omfang av dokumentasjon av kostnader, finansiering mv., slik at dette kan løysast smidigare og betre tilpassa dei mange ulike anlegg i ordninga.

Ytterlegare, mindre endringar kan førekome i endelege føresegner som vil liggje føre innan 1. september.

Med helsing

Ole Fredriksen (e.f.)
avdelingsdirektør

Daniel Storholthe Kristiansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar